

Dermed slutter forfatterne – så vidt jeg kan se – tæt ved det punkt, hvor de begyndte. De har undervejs givet os en fyldig dokumentation for, at kønsarbejdsdelingen ikke er et statisk begreb, men noget, som hele tiden ændrer former, og som må analyseres historisk specifikt. Og vi har fået argumenter for, at en strategi gående ud på at få opvurderet det betalte og ubetalte kvindearbejde, så det tillægges højere samfundsmæssig værdi, ikke er tilstrækkelig på længere sigt. Derimod mener jeg ikke, at vi har fået føjet afgørende nyt til spørgsmålet om, hvad der har afholdt/forhindret kvinder fra/i at tilkæmpe sig større indflydelse på velfærdsstatens udvikling og lønnede positioner i arbejdsmarkedets hierarki på niveau med mænd.

Det teoretiske grundlag for bogen er især inspireret af de to amerikanske kvindeforskere Heidi Hartmanns og Zillah Eisensteins teorier om det kapitalistiske patriarkat. Derfor tages kvinders øgede tilknytning til det offentlige og private arbejdsmarked som udtryk for, at kvinder er blevet og opfatter sig selv som lønarbejdere. Spørgsmålet er, om det ikke ville være frugtbart at inddrage kulturforskernes påpegning af de forskellige livsformer, som "gemmer sig" under socio-økonomiske levevilkår, i analysen af kvindeundertrykkelsen. Hvis det er rigtigt, at 1/3 af den danske befolkning kan karakteriseres som tilhørende en "selvstændighedskultur" (og hvis det også gælder 1/3 af kvinderne, jfr. blandt andet *Samfundskonomen*, nr. 4, 1985), må forståelsen af mange kvinders egen opfattelse af deres tilknytning til arbejdsmarkedet og afhængighed af velfærdsstaten uden tvivl ændres betydeligt i forhold til den beskrivelse, der nu foreligger.

Nina Lindholst

Ottar Brox, *Nord-Norge: Fra allmenning til koloni*. Tromsø-Oslo-Bergen-Stavanger: Universitetsforlaget, 1984, 218 s., 90 Nkr.

I 1966 gav det folkesosialistiske forlaget PAX i Oslo ut boka "Hva skjer i Nord-Norge?", med sivilagronomen og samfunnsfagsstipendiaten Ottar Brox (f. 1932) som forfattar. Året før var 20 års Arbeiderpartistyre (rett nok med eit 3-vekers intermezzo i 1963) avløyst av ei borgarleg samlingsregjering med markante bygdefolk som Per Borten (statsminister) og Kjell Bondevik (Kr.F., kirke- og undervisningsminister) i spissen. Ei ny, norsk periferimobilisering var igang. Den kulminerte med det norske "NEI" til EF september 1972, og i same månad kunne det nye utkant-universitetet i Tromsø ta imot sine første studentar, med Ottar Brox som professor i "lokalsamfunnets sosiologi".

"Hva skjer i Nord-Norge" låg i grenselandet mellom vitskapleg avhandling og politisk kampskrift. Som studie av utkantpolitikk er den så avgjort den mest vellukka i Norge, kan hende også i Norden. Utgangspunktet var ein kritikk av den statlege Nord-Norge-planen på 1950-talet. Den berande tesen i Brox sin kritikk var at planleggarane ikkje hadde kunnskap om rasjonalitetsformer og økonomiske samanhengar i regionen, og at dei i sin moderniseringsiver heller ikkje var motivert for å skaffe seg slik kunnskap, utdanna som dei var i fag der synet på

Dermed slutter forfatterne – så vidt jeg kan se – tæt ved det punkt, hvor de begyndte. De har undervejs givet os en fyldig dokumentation for, at kønsarbejdsdelingen ikke er et statisk begreb, men noget, som hele tiden ændrer former, og som må analyseres historisk specifikt. Og vi har fået argumenter for, at en strategi gående ud på at få opvurderet det betalte og ubetalte kvindearbejde, så det tillægges højere samfundsmæssig værdi, ikke er tilstrækkelig på længere sigt. Derimod mener jeg ikke, at vi har fået føjet afgørende nyt til spørgsmålet om, hvad der har afholdt/forhindret kvinder fra/i at tilkæmpe sig større indflydelse på velfærdsstatens udvikling og lønnede positioner i arbejdsmarkedets hierarki på niveau med mænd.

Det teoretiske grundlag for bogen er især inspireret af de to amerikanske kvindeforskere Heidi Hartmanns og Zillah Eisensteins teorier om det kapitalistiske patriarkat. Derfor tages kvinders øgede tilknytning til det offentlige og private arbejdsmarked som udtryk for, at kvinder er blevet og opfatter sig selv som lønarbejdere. Spørgsmålet er, om det ikke ville være frugtbart at inddrage kulturforskernes påpegning af de forskellige livsformer, som "gemmer sig" under socio-økonomiske levevilkår, i analysen af kvindeundertrykkelsen. Hvis det er rigtigt, at 1/3 af den danske befolkning kan karakteriseres som tilhørende en "selvstændighedskultur" (og hvis det også gælder 1/3 af kvinderne, jfr. blandt andet *Samfundskonomen*, nr. 4, 1985), må forståelsen af mange kvinders egen opfattelse af deres tilknytning til arbejdsmarkedet og afhængighed af velfærdsstaten uden tvivl ændres betydeligt i forhold til den beskrivelse, der nu foreligger.

Nina Lindholst

Ottar Brox, *Nord-Norge: Fra allmenning til koloni*. Tromsø-Oslo-Bergen-Stavanger: Universitetsforlaget, 1984, 218 s., 90 Nkr.

I 1966 gav det folkesosialistiske forlaget PAX i Oslo ut boka "Hva skjer i Nord-Norge?", med sivilagronomen og samfunnsfagsstipendiaten Ottar Brox (f. 1932) som forfattar. Året før var 20 års Arbeiderpartistyre (rett nok med eit 3-vekers intermezzo i 1963) avløyst av ei borgarleg samlingsregjering med markante bygdefolk som Per Borten (statsminister) og Kjell Bondevik (Kr.F., kirke- og undervisningsminister) i spissen. Ei ny, norsk periferimobilisering var igang. Den kulminerte med det norske "NEI" til EF september 1972, og i same månad kunne det nye utkant-universitetet i Tromsø ta imot sine første studentar, med Ottar Brox som professor i "lokalsamfunnets sosiologi".

"Hva skjer i Nord-Norge" låg i grenselandet mellom vitskapleg avhandling og politisk kampskrift. Som studie av utkantpolitikk er den så avgjort den mest vellukka i Norge, kan hende også i Norden. Utgangspunktet var ein kritikk av den statlege Nord-Norge-planen på 1950-talet. Den berande tesen i Brox sin kritikk var at planleggarane ikkje hadde kunnskap om rasjonalitetsformer og økonomiske samanhengar i regionen, og at dei i sin moderniseringsiver heller ikkje var motivert for å skaffe seg slik kunnskap, utdanna som dei var i fag der synet på

utbanisering og industrialisering som sterkt ønskeleg (og dessutan uunngåeleg) var rådande. Ein slik kritikk kan lett føre til politisk mobilisering, avdi den kan gjenspele sjølrespekt hos grupper som har oppfatta seg om mindreverdige, ofte definert som eit økonomisk, geografisk og sosialt samfunnsproblem. I tillegg til eit engasjert oppgjær mot plan-teknokratiet lanserte Brox i 1966 konkrete alternativ til Nord-Norgeplanen, og i siste kapittel gav han oppskrifta på korleis måla kunne nåast gjennom ny koalisjonsbygging på den politiske arena: Den raud-grøne alliansen, med folkesosialistar og venstresida i sosialdemokratiet i aksjonsfelleskap med bygdesamfunnet sine ikkje-sosialistiske forsvararar, Venstre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti. Denne politiske ideen slo godt an, og ikkje minst blei den eit viktig element i radikaliseringa av student- og universitetsmiljøa omkring 1970. Mens danske kollegaer priste arbeidarklassen i marxske termar, og amerikanske intellektuelle såg seg sjøl som den samfunnsmessige motkraft, framstod i Norge Brox sin *fiskar-bonde* som ein viktig referanse for krav om endring og rettferd. (At dette kunne skape litt forvirring i andre land, skjønar vi når det i ein dansk, akademisk publikasjon på 1970-talet blei referert til "de nordnorske fjellbønder").

Problemet for den norske utkantbevegelsen blei imidlertid tydeleg etter EF-seieren: Det materielle grunnlaget for bevegelsen, forstått som ein alternativ økonomisk og klassemessig basis, med arbeidsintensive familiebruk og samvirkeorganisert prissetting, foredling og salg, var ikkje lenger viabelt pr. 1972. PAX forlag trykte riktignok stadig nye opplag av "Hva skjer i Nord-Norge", men då 1972-opplaget var utselt, sa Brox stopp: Boka sine materielle og politiske referansepunkt hadde endra seg så sterkt at den ikkje lenger kunne lesast i 1966-formatet. Brox varsla samstundes at ei ny bok om Nord-Norge ville komme i staden. Hausten 1984 kom så "Fra allmenning til koloni" ut på Universitetsforlaget. Denne boka er delvis ei omskriving av "Hva skjer i Nord-Norge", delvis er det tale om nye perspektiv på utviklinga i denne landsdelen. Brox konstaterer at småbrukarsamfunnet Nord-Norge er gått tapt, men utan dei demografiske konsekvensane ein kunne forvente i kjølvatnet på omstruktureringa av næringslivet. Ein fråflyttingsbølge som viste seg, særleg på 1960-talet, har stoppa opp, trass i at det tradisjonelle næringsgrunnlaget, yrkeskombinasjonen jordbruk/fiske no er blitt eit marginalt innslag i sysselsettingsstatistikken. Der førre generasjon livnærte seg med sau, 4-5 kyr og einmannsmotorbåt, arbeidar samtidsgenerasjonen typisk i kommunal administrasjon og service, eller reiser på bygge- og industriarbeid i Nordsjøen/regionale sentra. Dei gjenverande utøvarane i fiske og jordbruk driv langt meir spesialisert og kapitalintensivt, og i stadig kontakt med grensene for ressursuttapping (fiske) og overproduksjon. Den tidlegare så særprega landsdelen synest modernisert og tilpassa dei fleste standardkrav for den skandinaviske velferdssamfunnsmodellen.

Analyser av overgangen frå eit samfunn med tydelege innslag av peasant- og samvirkeøkonomi, til eit samfunn prega av spesialisert næringsutøving, samt stor offentlig sektor, er så avgjort den sterke sida ved boka. Spesielt er analysene av prosessar innafor dei to basisnæringsane – jordbruk og fiske – overtydande. Kapitalsubsidiert, som i ein fase skaper muligheter for mange småprodusentar, blir i neste fase ein faktor som forsterkar ulikskap og pressar dei mindre produsentane ut. Siste fase får vi når konsesjonar og ressurstak lukkar næringar for nye utøva-

rar, samtidig som dei gjenverande kan rekne med ein massiv offentleg innsats for å halde det gåande. Det som for få tiår tilbake utgjorde eit vitalt "buffer"-element og skapte nødvendig fleksibilitet i dei økonomiske kretsløpa, er no nærast å betrakte som byråkratisk organiserte næringar. "Refeudalisering" av jordbruk og fiske (men vel og merke godsdrift ved hjelp av maskiner heller enn leilendingar) og tydeleg rekrutteringssvikt for "jamne", sjølvstendige utøvarar har overraskande nok ikkje påverka busettingsmønsteret nemneverdig. Mot rimeleg forventningar har tendensen til befolkningsnedgang i periferien vist motsatt utvikling, spesielt i perioden 1970-75.

Forklaringa på denne stabiliseringa finn Brox i nye, og desentraliserte former for offentleg service, samt lettare tilgang til regionale arbeidsmarknader gjennom kommunikasjonsutbygging (også i offentleg regi). Dette er plausibelt, ikkje minst på bakgrunn av den politiske tyngda som den geografiske periferien hadde omkring 1970. Problematisk blir det imidlertid når Brox på bakgrunn av den yrkesmessige "statleggjeringa" postulerer at busettingsmønsteret er stabilisert nærast ein gong for alle. Idéen om det konsoliderte Nord-Norge har provosert ei rekkje geografar, og ein altfor stor del av boka går med til eit ihuga forsvar for ein problematisk påstand. To døme på det problematiske ved ein konsolideringstese kan hentast frå det talmateriale Brox nyttar: Ei punktundersøking viser at mens 9% av hushalda i Helgøy livnærte seg ved trygd/pensjon i 1962, så var tilsvarande andel i 1978 på 29% (s. 140). Samtidig sank folketalet i området med 19,6%. Eit anna materiale (s. 119) viser at talet på kommunar med meir enn 1% årleg nedgang i folketalet var 43 i perioden 1965-70, og hhv. 10 og 28 i dei følgjande femårsperiodane. Det er altså ein tydeleg tendens til at avfolkinga bremsar opp 1970-75, for då hadde berre 10 av i alt 95 nordnorske kommunar tydeleg befolkningsvikt. Men nesten like tydeleg er den motsatte tendensen for siste del av 1970-talet, med 28 utsatte kommunar.

Desse døma burde mane til varsemd med framsetting av ein hypotese om konsolidering: Om busettingsmønsteret er stabilt, så kan denne stabiliteten vere av forbigåande karakter. No kan nok Brox seiast å ha sitt på det tørre, ettersom han teoretisk sett knyter an til ein teori om *kumulativ* vekst/nedgang. Men ved å definere "konsolidering" som fråver av *kumulative* prosessar, gjer han vel saka litt for enkelt for seg. Då vil jo t.d. vedvarande tap av folketal innebere konsolidering, så lenge tapsratene ikkje veks. Dokumentasjon og illustrasjonar til dei demografiske problemstillingane er ikkje spesielt lesarvenlege. Eit kart over Helgøy s. 139 har ikkje med namn på 6 av dei omtalte bygdene, og hovudkartet over Nordnorge har nok med dei fleste stadnamn som er omtalt i teksten, men er uvanleg lite informativt utover det.

Ved sidan av historisk-økonomiske og demografiske analyser inneheld boka også ein politisk analyse. Til forskjell frå "Hva skjer i Nord-Norge" finn vi ikkje politisk-strategiske overveiningar: Brox gjer sjøl merksam på dette i innleiinga, og han forklarar "praktisk talt ingen tips til myndighetene" med at "erfaringer har etter hvert lært meg at slike praktiske forslag bare starter urelle og temmelig dumme debatter" (s. 15). Til dette kan ein kritikar bemerke at Brox må ta fullstendig feil kva angår det "urelle og temmeleg dumme": Tvertom har Brox sine konkrete forslag vore uvanleg produktive i den politiske debatten. Det er også

uforståelig at framlegging av moglege handlingsalternativ no blir forstått som "tips til myndighetene". Det Brox de facto foreslår, nemleg endringar av speleregular for kapitaldanning, bør kunne argumenterast fram slik at poenget fikk appell utover dei velmeinande planleggarane.

Når Brox hevdar (s. 200) at det ikkje finst noko alternativ til "målbevisst gjenoppbygging av nordnorske bygdefolks muligheter for å ta ansvar for sin egen velferd, individuelt og kollektivt", så forpliktar vel dette til meir systematisk utforming av folkeleg innretta politikk. Denne mangelen ved boka kan nok for ein del sjåast på bakgrunn av dei analytiske konklusjonane som delvis er uttrykt i titelen: Vi står i dag med eit nesten ustyrbart system av segment, som ukoordinert slår inn i regionalt liv, og som er ufølsamt for lokal eller regional "fornuft". Dette systemet kan vi imidlertid vanskeleg bekjempe når så mange er djupt involverte i det, for sjøl små endringsforsøk vil utløyse segmenta sin ibuande reaksjon mot forandring.

Brox utviklar dette poenget godt, og implisitt i hans analyse ligg det ei erkjening av at ein politikk basert på forbetring av breie folkegrupper sine levekår ikkje lenger kan vere nøkkelen til problema, i den tydinga at opplevd forbetring på hushaldsnivå samsvarer med fornuft på aggregat-nivå. Når vilkåra for å nytte denne mekanismen ikkje lenger er til stades, synest ikkje berre økonomien, men også politikken, å ha mista noko vesentleg.

Nils Aarsæther

Ole Hyldtoft, *Københavns industrialisering 1840-1914*, Herning: Systime, 1984, 524 s., 280,00 kr.; Jørgen Burchardt, *Provinsindustri*, Faaborg: Faaborg Byhistoriske Arkiv/Faaborg Kunsthistoriske Museer, 1984, 112 s., 119,00 kr.; Holger Munchaus Petersen, *Planmæssig ankomst. Danske dampskibe indtil 1870, I*, Esbjerg: Fiskeri- og Søfartsmuseet, 1983, 168 s., 148,00 kr.; Holger Munchaus Petersen, *Lokalt initiativ. Danske dampskibe indtil 1870, II*, Esbjerg: Fiskeri- og Søfartsmuseet, 1985, 180 s., 148,00 kr.

Emnet for Ole Hyldtofts imponerende arbejde er strukturændringerne i den københavnske industri i perioden fra 1840 til 1914. Da vægten ligger mere på produktions- end på efterspørgselssiden, bliver undersøgelsens dynamiske faktorer udviklingen i den faste kapital, i arbejdskraften og i fremkomsten af nye produktionsområder. Som indikatorer på disse faktorer anvender Hyldtoft gennemslaget af den mekaniske kraft og herunder anvendelsen af arbejdsmaskiner, eller på moderne dansk: indførelsen af ny teknologi; ændringerne i arbejdskraftens størrelse, sammensætning og kvalifikationer; produktionen af nye varettyper og etableringen af nye industrier samt virksomhedernes størrelse og organisatoriske opbygning. Alle velvalgte indikatorer, som Hyldtoft med stor ihærdighed og konsekvens belyser gennem afhandlingens analyserende kapitler.

Afhandlingen placerer sig selv blandt den række værker, der har søgt at tidsfæste et industrielt gennembrud i hovedstaden. De hidtidige synspunkter har groft